



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Rundskriv M-3/2007

Om forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Rundskriv

Fjellstyra, Statskog

Nr. M-3/2007

Vår ref: 200601576

Dato: 27.3.2007

Om forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane

Etter fullmakt

Pål Vidar Sollie

Steinar Bø

Innholdsfortegning.

1.	Innleiing og samandrag.....	3
2.	Om utvising av seter	3
2.1	Vilkår for utvising av seter - § 1.....	3
2.2	Om søknaden og saksførehavinga ved utvising av seter - § 2.....	4
2.3	Om frist for å ta setra i bruk - § 3.....	5
2.4	Om når setervoll reknast for å vere i bruk - § 4.....	5
3.	Om utvising og utleige av tilleggsjord.....	6
3.1	Om planar for utvising og utleige av tilleggsjord - § 5	6
3.2	Om vilkår for utvising av tilleggsjord og saksførehaving - § 6.....	7
3.3	Om frist for å ta tilleggsjord i bruk - § 9	7
4.	Om hus på utvist seter.....	8
4.1	Om søknad om å setje opp hus - § 13.....	8
4.2	Om seter som ikkje er i bruk og ikkje fallen i det fri - § 14	9
5.	Om seter fallen i det fri etter fjellova § 22.....	9
5.1	Om utvising av seter som er fallen i det fri til gardsbruk i drift - § 15.....	9
5.2	Om løyve til å la husa bli ståande, bortleige mv. - § 16	10
5.3	Om tinglysing - § 17.....	10
5.4	Om nybygging og ombygging - § 18.....	10
6.	Om seterretten fell bort av andre grunnar - § 19.....	11
7.	Om andre hus.	11
7.1	Om endring og ominnredning av bestående hus - § 22	11
7.2	Om oppføring av hus - § 23.....	12
8.	Om Fjellstyret og Statskog si saksførehaving - § 24	12
9.	Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning.	13

1. INNLEIING OG SAMANDRAG.

Landbruks- og matdepartementet gir med dette ut rundskriv om praktiseringa av einskilde føresegnar i forskrift av 22. juni 1984 om seter og tilleggs jord m.m. i statsallmenning.

Ved endringsforskrift av 26.mars 2007 blei det gjort einskilde endringar i forskrifta. Delvis på bakgrunn av dette, og delvis på bakgrunn av eit uttrykt behov for vegleiningmateriale, gir Landbruks- og matdepartementet no ut dette rundskrivet med vegleiande kommentarar til sentrale føresegnar i forskrifta.

I § 4 er det gjort ei endring i omgrepa, slik at "seterbrukeren" er endra til "garden setra ligg til". Tidlegare § 6, 3 ledd blir oppheva, fordi skogbruksloven av 1965 er erstatta av ny skogbrukslov utan at § 50 er erstatta. Etter § 14 skal no både Statskog og Fjellstyret samtykke til utviding av seterhus eller oppsetjing av nytt seterhus på seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri. I § 22 er det innført ei språkleg endring i det "det føremålet dei tidlegare har tent" er erstatta med "seterformål". Dette for at føresegna betre skal samsvare med det som er sagt i kommentarane om utvising av seter.

Rundskrivet legg opp til viktige endringar i praksis. Det skal lempast på kravet til mjølkeproduksjon på setra når det blir utvist seter, og det skal kunne utvisast seter der det ligg til rette for ein kombinasjon av jordbruksmessig og småskala turistmessig utnytting av setrene i statsallmenningane. Dette betyr at det i vurderinga av om seter skal utvisast skal det og leggast vekt på andre omsyn, slik som ein kombinasjon av aktivitetar som krev husvære, inkludert småskala turistmessig utnytting av seter i form av utleigehusvære, beverting osv. Sjå merknadene § 2. I merknadene til § 22 blir det signalisert ei endring av praksis, slik at det normalt bør bli gitt løyve til ombygging/ominnreining av bygningar det ikkje lenger er behov for til seterformål, slik at desse kan tene hovudbruket på anna vis.

Rundskrivet er forfatta slik at det til dei einskilde føresegnene følgjer utfyllande kommentarar.

Vedlagt følgjer forskrifta.

2. OM UTVISING AV SETER

2.1 Vilkår for utvising av seter - § 1

"Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen som godtgjer at det trengst seter til drift av garden, kan få utvist seter anten åleine eller saman med andre jordbrukarar, jfr. § 18 første stykket og § 21 andre stykket i fjellova.

Det kan krevjast at han - eventuelt dei - godtgjer trongen ved til dømes å leggje fram driftsplan."

Merknader:

Spørsmålet om utvising av seter blir avgjort av fjellstyret, jf. forskrifta sin § 2. I praksis har ein stilt krav om mjølkeproduksjon ved utvising. Det har normalt og vore stilt krav om at lokale landbruksmyndigheiter har tilrådd søknaden. Departementet legger til grunn at ein i dag og bør kunne foreta utvising til formål som går ut over rein mjølkeproduksjon, for eksempel ein driftsform der det blir teke sikte på ein kombinasjon av tradisjonell seterdrift og

småskala turistmessig verksemd på setra i form av utleiehusvære, beverting etc. Beite med ammekyr i kombinasjon med turistmessig utnytting bør og kunne bli godteken som grunnlag for utvising, jf. at bruksrett i statsallmenning etter fjellovens § 2 skal ”kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva”. Tilsvarande vurderingar vil gjere seg gjeldande i forhold til utvising av seter fallen i det fri til ein ny seterbrukar, jf. forskrifta sin § 15. Departementet legger såleis opp til at ein endrar praksis noko i desse sakene.

Utgangspunktet for fjellstyra sine vurderingar må vere om den med bruksrett har reelt behov for seter. Ved behandlinga av søknader bør fjellstyra legge vekt på følgjande moment:

- Den planlagde etableringa må ta omsyn til lokale tradisjonar.
- Etablering av ny seter må ikkje skje til fortrengsel for eller til vesentlig skade for eksisterande bruksrettsutøving, under dette reindrifta sin bruk.
- Søkjaren sine planer må innebere dyrehald i allmenningen sommartid.
- Verksemda må inngå som ein integrert del av hovuddrifta på jordbrukseigedommen til den med bruksrett, og støtte opp om drifta av denne.
- Verksemda må framstå som ein rasjonell bruksform, og planane for verksemda må vere vurdert som hensiktsmessige og levedyktige av lokale landbruksmyndigheiter.
- Verksemda bør krevje menneske til stades tilnærma kontinuerleg.
- Verksemda må fordre ein viss bygningssmasse med driftsbygningar og husvære.

Under vurderinga av søknader skal fjellstyra vere merksame på moglege forsøk på å omgå regelverket med sikte på etablering av reine fritidshusvære i statsallmenningane.

Behov for husvære for tilsyn av beitedyr, slepp om våren og samling om hausten, er åleine ikkje grunnlag for å få utvist seter. Her viser ein til § 23 i forskrifta, som opnar for å gi løyve til oppsetting av nødvendig husvære. I forhold til omdisponering av eksisterande husvære til nye bruksformer viser ein til § 22 og kommentarane til denne.

2.2 Om søknaden og saksføreavinga ved utvising av seter - § 2

”Søknad om utvising av seter skal sendast til fjellstyret som gjer vedtak. Før fjellstyret gjer vedtak, skal Statskog ha saka til fråsegn.

Spørsmål om utvising i barskogområde vert avgjort av fjellstyret og allmenningsstyret i fellesskap. Vert dei to styra ikkje samde, gjeld reglane i fjellovas § 9.

Gjeld det utvising av seter i område som er reinbeiteområde etter vedtak i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 49 om reindrift §§ 2 og 5, skal søknaden leggast fram for områdestyra til fråsegn før vedtak vert gjort.

Statskog skal ha melding om utvisinga.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til seterbrukaren om utvisinga.”

Merknader:

Statskog skal få høve til å uttale seg om søknaden, på tilsvarande måte som fjellstyret når det blir utvist tilleggsjord etter § 6. Søknaden skal leggast fram for Statskog ved vedkomande lokal-/distriktskontor.

Seterutvisinga omfattar rett til å drive seter i tråd med utvisinga, tomt til nødvendige hus og eit avgrensa areal til setervoll som ikkje bør overstige 5-10 dekar, med mindre lokal tradisjon tilseier noko anna. Areal ut over dette bør behandlast etter føresegnene i § 6.

Til utvisingsforretninga skal skjema utferda av Statskog nyttast. Statskog rekvirerer kartforretning.

2.3 Om frist for å ta setra i bruk - § 3

”Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jfr. fjellova § 18 femte stykket. Er setra ikkje teken i bruk fell ho automatisk tilbake til allmenningen.

Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret kontrollere at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadane for utvisinga. Dersom det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret melde frå om dette til Statskog. I si melding til Statskog må fjellstyret og syte for å gje sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal førast over til ein annan eigedom i samsvar med fjellova § 20 første stykket eller § 21 første stykket.

Statskog gjer vedtak om at seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus om ikkje utvisinga vert ført over til annan eigedom i samsvar med fjellova § 20 første stykket eller § 21 første stykket og den nye brukaren tek over husa.

Ved overføring av utvist seter, gjeld føresegnene i første, andre og tredje stykket tilsvarende.”

Merknader:

Når 5-årsfristen er ute, skal fjellstyret foreta ei vurdering av om setra blir rekna for å vere i bruk. Fjellstyret si vurdering skal sendast til Statskog lokalt. Er fjellstyret av den oppfatninga at setra ikkje er teken i bruk, må fjellstyret samtidig gi ei uttale om kva som skal skje med det utviste arealet, dvs. om utvisinga skal overførast til gardbrukar med beiterett eller om den skal overførast til gardbrukar utan beiterett, eller om setra skal førast tilbake til allmenningen. Dersom det utviste blir ført tilbake til allmenningen må eventuelle hus fjernast av den som fekk arealet utvist til seterformål. I dei tilfella der det er Statskog som oppdagar at ei seter ikkje er teken i bruk, skal fjellstyret varslast og følgje opp saka.

Kva som ligger i at ei seter er "teken i bruk" må avgjerast i kvart enkelt tilfelle. Det generelle utgangspunktet må vere at den aktuelle bruken er i samsvar med føresetnadane for utvisinga, m.a.o. det formålet det er utvist seter til jf. merknadene til § 1.

Kravet til bruk må og reknast for å vere tilfredsstilt, dersom seterbrukaren innan fristen er ute har gjort tiltak med sikte på å sette opp bygningar til seterformål, føresetnaden er at han deretter følgjer opp med ei drift som tener seterbruket. I tilfelle bør det ikkje aksjonerast før hus er oppført og seterbrukaren ikkje innan rimelig tid har teke bygningane i bruk i samsvar med formålet med utvisinga.

Forskrifta sin § 3 tredje ledd gir Statskog heimel til å krevje eventuelle hus fjerna. Det er ikkje aktuelt å forlange husa fjerna om det blir vedteke å overføre setra til annen jordbrukar og denne overtar husa. Ein presiserar at den nye seterbrukaren ikkje er pliktig til å overta husa. Statskog setter ein frist for eigaren til å treffe avtale med den nye seterbrukaren om overføring av husa. For klage gjelder forskrifta sin § 25.

2.4 Om når setervoll reknast for å vere i bruk - § 4

”Vert setervollen hausta, eller er han gjerda inn og vert nytta til beite av garden setra ligg til, reknar ein setra for å vere "i bruk" i høve til § 22 i fjellova.”

Merknader:

Føresegna gir eksempel på kva som skal til for at ei seter skal reknast for å vere i bruk i forhold til opphørsregelen i lovens § 22.

Det er nødvendig at garden utøvar ein eksklusiv bruk av setervollen. Det er ikkje nødvendig med seterbruk i tradisjonell forstand i form av mjølkeproduksjon, men setra må tene den jordbruksmessige utnytting av garden. I forhold til seter der det skjer småskala turistmessig utnytting leggjas og til grunn at seterbrukaren som et minimum bør hauste setervollen eller ha den inngjerda og nytte den som beite.

For at ei seter skal reknast for å vere i bruk, må bruken skje ut frå det bruket som setra høyrer til. Isolert bortleige av seter for kortare periodar, d.e. inntil 10 år, er tillate, men vilkår om at setra skal vere "i bruk" frå garden den høyrer til vil da ikkje vere til stades. Isolert bortleige av setra kan vere ein indikasjon på at vedkomande jordbrukseigedom ikkje lenger har behov for setra, og setra bør ikkje kunne "haldast i hevd" ved å dra nytte av behova til andre med bruksrett.

3. OM UTVISING OG Utleige AV TILLEGGSJORD

3.1 Om planar for utvising og utleige av tilleggsjord - § 5

"Utvising eller bortleige av tilleggsjord skal i størst mogeleg utstrekning skje etter planar utarbeide for større samanhengande område, eller i tilknytning til eksisterande seter eller tilleggsjord.

Formålet med planarbeidet skal vere å finna fram til område som kan omdisponerast til tilleggsjord. I planarbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk av jorda som til dømes vilt og jakt, friluftsliv, landskapsvern, miljø og eventuelle andre omsyn.

Planane skal utarbeidast av Statskog i samarbeid med fjellstyret og kommunen, og skal leggjast fram for fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, regional kulturminneforvaltning og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret for reindriftsområde etter reindriftslova, til fråsegn."

Merknader:

Det er viktig at utvising av grunn til tilleggsjord skjer planmessig og forskrifta etablerar derfor eit krav om at planer blir utarbeida for dei aktuelle områda. Kravet til planer er ikkje absolutt, men blir føreset lagt til grunn for dei utvisingane som ikkje gjeld tillegg til eksisterande parseller eller til eksisterande seter.

Utvising utanfor planområde føreset ut over dette bare å skje i særlege tilfelle. Kommunen si medverking til planarbeidet vil normalt innebere at dei omsyna til landskapsvern og miljø som er nemnt i forskrift om nydyrking er avklart. Kommunen skal og, etterkvert som søknader om tilleggsjord kjem inn, vurdere den enkelte søknad konkret. I dei tilfella der det blir søkt om oppdyrking med sikte på maskinell hausting skal kommunen realitetsbehandle søknadene etter nydyrkingsforskrifta. Blir det søkt om beitekulturvering skal kommunen gi uttale til søknaden.

3.2 Om vilkår for utvising av tilleggsjord og saksførehaving - § 6

”Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller kulturbeite, og eventuelt inngjerding, jfr. § 19 første stykket i fjellova.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal Statskog leggja fram for kommunen, fjellstyret og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding, til beitebruk, skal kommunen gje fråsegn om dei forholda som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret si fråsegn vert kunngjort. Vert det protestert mot utvisinga, handsamar fjellstyret saka på nytt. Endrar fjellstyret fråsegna, skal det gjerast kjent ved ny kunngjering.

Statskog gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett.

Er det usemje mellom fjellstyret og Statskog, skal saka leggjast fram for Statskog Hovedkontoret som gjer vedtak.

Setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn.

Statskog skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga.”

Merknader:

Når søknad om tilleggsjord kjem inn til Statskog lokalt skal søknaden vurderast opp mot dei planane som fins for området. Dersom Statskog finn utvising aktuelt skal saka leggjast fram for dei organa som er nemnt i 2. ledd.

I dei tilfella der søknaden blir omfatta av nydyrkingsforskrifta (Forskrift om nydyrking av 2. mai 1997) skal kommunen avgjere søknaden etter denne forskrifta sine føresegnar. Avslår kommunen søknaden etter føresegnene i nydyrkingsforskrifta vil saka vere endeleg avgjort, med mindre vedtaket blir omgjort av fylkeslandbruksstyret etter klage frå søkjaren.

Kultivering og eventuell inngjerding for beitebruk er ikkje omfatta av nydyrkingsforskrifta. Kommunen si rolle i slike saker blir å gi vegleiande uttale til søknaden. Uttalen bør omhandle dei same forhold som nydyrkingsforskrifta sin § 5 omtaler, nemleg tiltaket sine eventuelle innverknader på natur- og kulturlandskapsverdiane, samt spørsmålet om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for søkjaren si driftseining og om det blir lagt opp til driftsmessig gode løysingar.

Dersom kommunen godkjenner nydyrking skal Statskog likevel ta stilling til søknaden og fatte vedtak ut i frå eigen vurdering av saka. I denne vurderinga skal, i tillegg til kommunen sitt godkjenningsvedtak, og inngå dei uttaler som er innhenta frå fjellstyret og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret for reindriften. Blir utvisinga nekta kan dette vedtaket påklagast til Statens landbruksforvaltning, jf. denne forskrifta sin § 25. Klagen skal sendast gjennom Statskog sitt hovudkontor, som etter nærare vurdering kan omgjere lokalforvaltninga sitt vedtak eller sende saka til Statens landbruksforvaltning for endeleg klagebehandling.

3.3 Om frist for å ta tilleggsjord i bruk - § 9

”Utvist tilleggsjord må takast i bruk innan 5 år, jfr. fjellova § 19 andre stykket. Dersom ikkje tilleggsjorda er teken i bruk etter 5 år fell ho tilbake til allmenningen.”

Merknader:

Dersom jorda ikkje er teken i bruk innan 5 år fell den tilbake til allmenningen. Det er ikkje nødvendig å fatte vedtak om tilbakefall for at tilbakefallet skal vere gyldig, ettersom tilbakefall inntreffer automatisk da vilkåra for utvisinga ikkje er oppfylt.

4. OM HUS PÅ UTVIST SETER

4.1 Om søknad om å setje opp hus - § 13

”Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld dersom fjellstyret vil tillate endring eller utviding av hus på seter.”

Merknader:

Fjellstyret skal foreta ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle over kva som blir sett på som nødvendig og rasjonelt i forhold til utvisinga med omsyn til bygningsmasse og tekniske anlegg. Dette gjeld i forhold til bygningar til meir tradisjonelle seterformål og i forhold til bygningar tiltenkt ein småskala turistmessig satsing som er omtalt i merknadene til § 1. Før fjellstyret fattar vedtak, skal saka leggjast fram for Statskog til uttale. Statskog skal ha kopi av fjellstyret sitt vedtak.

Dersom det er tale om ”utradisjonelle seterbygningar” for eksempel endring av ståande bygningar eller oppføring av nye bygningar for småskala turistmessig utnytting er det viktig å vere merksam på at det i tillegg til løyve frå fjellstyret kan vere nødvendig med søknad og løyve frå kommunale plan- og bygningsmyndigheiter, jf. skiljet i plan- og bygningsloven mellom ”driftsbygning i landbruket” som har meldeplikt, og andre bygningar som fordrar søknad og løyve frå kommunale bygningsmyndigheiter (sjå plan og bygningsloven sin § 81 og § 93, og forskrift om saksbehandling og kontroll i plan og bygningssaker § 10). Fjellstyret bør i si behandling ta atterhald om eventuell godkjenning frå kommunale myndigheiter. Elles viser departementet og til Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet sin vegleiar "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss" - T-1443, 2005.

Dersom fjellstyret finn det aktuelt å tillate eller eventuelt stille vilkår om endring eller utviding av eksisterande bygningar, eller krevje bygningar fjerna, skal fjellstyret gi melding til kulturmyndigheitene etter kulturminneloven.

Fjellstyret fører tilsyn med all bygging på setrene, kontrollerer at denne føregår i samsvar med føresetnader fjellstyret har fastsett i godkjente planer, gjer dei nødvendige vedtak når det er bygd i strid med fjellstyret sitt løyve eller vilkår ikkje er fylgt, og sett vedtaka ut i livet.

Fjellstyret sitt vedtak i saker om bygging på utvist seter er enkeltvedtak og gjenstand for klage til Statens landbruksforvaltning, jf. § 24. Det er høve til å klage over sjølve vedtaket eller bare over dei vilkår som er stilt.

Søknader om ombygging og endring av uthus som det ikkje lenger er aktuelt å bruke i samband med seterdrifta, og som ikkje lenger tener den jordbruksmessige aktiviteten, skal behandlast etter forskrifta sin § 22. Fjellstyret vil såleis i samband med si saksbehandling måtte ta stilling til kva for føresegn som skal brukast. Dersom Statskog er ueinig med fjellstyret i at saka høyrer inn under § 13 vil fjellstyret sitt vedtak kunne påklagast til Statens landbruksforvaltning.

4.2 Om seter som ikkje er i bruk og ikkje fallen i det fri - § 14

”På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog og fjellstyret utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarende.

Skal seterbrukaren ta opp at seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i § 13 i denne forskrifta.”

Merknader:

Etter loven fell ikkje retten til seter bort før den i tjue samanhengande år har vore ute av bruk som seter. Tilfeldige avbrot i setringa skal ikkje føre til at retten går tapt. Likevel må seterbrukaren ha ein rett til å vedlikehalde husa, så lenge setra ikkje er fallen i det fri. Andre leddet er teke med for å gjere det klart at reglane i første leddet ikkje skal vere til hinder for å bygge opp eller utvide seterhusa med sikte på å ta opp att seterdrifta. Fjellstyret skal sjå til at seterhus ikkje blir utvida eller hus blir oppført utan samtykke og at vilkår som er sett, blir haldne. Det som er sagt under § 13 ovanfor om forholdet til kulturminneloven gjeld tilsvarende.

Saker som skal behandlas etter første ledd, skal sendast til fjellstyret som behandlar desse og sender dei vidare til Statskog som gjer søkjaren kjent med avgjera. Vedtak fatta av Statskog og fjellstyret kan påklagast til Statens landbruksforvaltning, jf. §§ 24 og 25.

5. OM SETER FALLEN I DET FRI ETTER FJELLOVA § 22.

5.1 Om utvising av seter som er fallen i det fri til gardsbruk i drift - § 15

”Seter som er fallen i det fri etter fjellova § 22, kan fjellstyret vise ut til gardsbruk i drift som treng seter. Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren.

Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.”

Merknader:

Dette alternativet bør fjellstyret velje når forholda med bruksutøvinga i allmenningen er best tent med det. Når det gjelder dei formåla det kan bli utvist seter til visar ein til merknadene til § 1. Dersom fjellstyret går inn for at husa skal fjernast, må det leggje saka fram for kulturminnemyndigheitene før vedtak treffast.

5.2 Om løyve til å la husa bli ståande, bortleige mv. - § 16

”Vert seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til eit anna gardsbruk, kan Statskog gje seterbrukaren løyve til å ha husa ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden dersom fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under garden og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.

Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett vert rekna like med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.

§20 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løyve etter første stykket.

Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om korkje utvising eller løyve er aktuelt.”

Merknader:

Desse alternativa bør veljast dersom det i allmenningen ikkje er mangel på seter- og beiteområde og løysinga ikkje vil vere til ulempe for bruksutøvinga.

Også forskriftas § 20, om restriksjonar på bygningsmessige endringar og krav om punkt feste, gjelder tilsvarande der seterbrukaren får løyve til å ha hus ståande utan vederlag.

Fjellstyret avgjer om hus skal fjernast eller ikkje, og ser til at krav om fjerning blir oppfylt.

5.3 Om tinglysing - § 17

”Får seterbrukaren ha husa ståande skriv Statskog ut eit eige dokument som vert tinglyst på allmenningen sitt blad i grunnboka.

Eigaren på garden skriv under på eit særskilt dokument som vert tinglyst på bruket sitt blad i grunnboka om at

- a. retten til å ha husa ståande utan vederlag ikkje kan overdragast eller pantsetjast utan saman med garden,*
- b. kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett ikkje kan stiftast om ikkje retten er stifta for ei tid av mindre enn 10 år utan rett for brukaren til å krevje forlenging eller fornying av kontrakten,*
- c. dokument berre kan slettast med samtykke frå Statskog.”*

Merknader:

Dokumentet blir utarbeida av Statskog, og skal tinglysast på allmenningen sitt grunnboksblad fordi det dreier seg om ein rett som skal kvile på allmenningen. Dokumentet skal og tinglysast på garden sitt grunnboksblad for å sikre mot at ein seinare eigar av bruket overfører retten isolert, og at retten følgjer med når bruket blir solgt (eller pantsett). Utgiftene med å tinglyse erklæringa skal dekkjast av seterbrukaren.

5.4 Om nybygging og ombygging - § 18

”Statskog tek etter samråd med fjellstyret, avgjerd med omsyn til løyve til nybygging/ombygging el.l.

Før Statskog tek avgjerd skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.”

Merknader:

Dersom ein seterbrukar har fått løyve til å ha seterhusa ståande etter forskrifta sin § 16, er det Statskog som skal ta stilling til, og eventuelt gi løyve til, nybygging eller ombygging og liknande. Gjeld det endring av eldre seterbygningar bør saka leggjast fram for kulturminnemyndigheitene før avgjerda blir teken. Ved løyve til ombygging/nybygg må det bli teke atterhald om eventuell godkjenning/løyve frå kommunale bygningsmyndigheiter.

6. OM SETERRETTE FELL BORT AV ANDRE GRUNNAR - § 19

”Når seterretten fell bort av di drifta på garden er lagt ned og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, eller av di ein ikkje kan rekne garden som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jfr. § 2 andre stykket i lova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- a. at setra skal visast ut til gardsbruk i drift som treng seter, jfr. §§ 1 og 2, eller*
- b. å vise den tidlegare seterbrukaren til å søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa til fritidsføremål, eller*
- c. at seterbrukaren fjerner husa om korkje utvising, overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.*

Vert setra vist ut til eit anna bruk, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.

Før fjellstyret tek avgjer om fjerning av hus etter første stykket bokstav c eller andre stykket, skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.”

Merknader:

Paragrafen gir dei alternativa som ligger føre og prioriteringa mellom dei. Den tidligare seterbrukaren sitt ønske om å overføre seterhusa til ein annan med bruksrett som kan få festekontrakt (bokstav b), eller til sjølv å få festekontrakt (bokstav c), må derfor vike for den som treng seter. Dersom alternativ d, fjerning av seterhus blir aktuelt, skal fjellstyret sjå til at krav om fjerning blir etterkomne.

7. OM ANDRE HUS.

7.1 Om endring og ominnreiing av beståande hus - § 22

”Med samtykke frå Statskog og fjellstyret kan brukaren byggje om eller reie om uthus til bustad eller for utleige når det ikkje er aktuelt å ta opp at bruken av husa til seterformål og endringa av bruken ikkje vil vere ei hindring for seterdrifta på denne eller andre setrer. Det skal opprettast særskild avtale om avgift, som vert fastsett av Statskog.

Uthusa er ein part av dei andre husa på setra og kan ikkje skiljast frå.

Før Statskog og fjellstyret gjev samtykke etter første stykket skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.”

Merknader:

Paragrafen gjelder dei tilfelle der seterbrukaren ønskjer å endre/ominnreie ståande hus på setra, som det ikkje lenger er behov for til seterformål. Det er krav om samtykke frå både fjellstyret og Statskog. Fjellstyret og Statskog bør ta atterhald om godkjenning frå kommunale myndigheiter.

Bygningar det ikkje lenger er behov for til seterformål bør det normalt kunne gis løyve til å ominnreie eller ombygge slik at dei kan tene hovudbruket på anna vis. Eit avslag på søknad om ombygging/ominnreiing bør i tilfelle vere grunna i eventuelle ulemper for drifta på denne setra eller andre setrar, eller i at kulturminneomsyn tilseier at endringane ikkje bør tillatast å bli gjennomført.

Seterhus som er tillete ominnreia til fritidsformål etter denne føreseigna fell i det fri etter dei same reglane som setrar elles.

7.2 Om oppføring av hus - § 23

”Når det er naudsynt for drift av utvist tilleggsjord eller for utøving av annan beitebruk enn setring, kan brukaren få føre opp hus etter løyve frå Statskog og på dei vilkår Statskog set.”

Merknader:

Føreseigna om hus til annen beitebruk enn setring, må sjåas i samanheng med reglar om ordning av beitet i statsallmenningar etter fjellova sin § 16. Når forholda elles ligg til rette for det, bør fortrinnsvis fjellstyret eller beitelaget stå som fester.

Fordi det nå blir lagt opp til ei utvida forståing av seteromgrepet kan det tenkjast større pågang enn hittil for å få utvist seter. Ein føresett derfor at fjellstyret og Statskog fører kontroll med at søknadene er reelle og planane levedyktige, jf merknadene til § 1. Ofte vil den med beiterett vere godt hjulpen med løyve til å sette opp hus i staden for seterutvising. For å hindre unødig etablering av nye setrar, bør ordninga gjerast kjent lokalt, og Statskog bør, dersom det synes nødvendig, ta kontakt med beitelag. På same måten bør fjellstyra engasjere seg for å sette opp hus til felles bruk når dette er aktuelt.

Før Statskog avgjer søknaden, skal uttale hentast inn frå fjellstyret. I tilfelle av usemje mellom Statskog lokalt og fjellstyret, avgjer Statskog sitt hovudkontor søknaden.

8. OM FJELLSTYRET OG STATSKOG SI SAKSFØREHAVING - § 24

”For saksførehavinga i fjellstyret gjeld føresegnene om einskildevetak i forvaltningslova 10. februar 1967, jfr. § 10 i fjellova. Om førehandsvarsling og kunngjering av eller melding om fjellstyrevedtak, gjeld forskrift fastsett 8. juni 1983 med heimel i fjellova § 10.

Fjellstyrevedtak gjort i medhald av denne forskrifta kan påklagast til og omgjerast av Statens landbruksforvaltning etter reglane i kap. VI i forvaltningslova, med mindre noko anna går fram av den einskilde bestemmelse.”

Merknader:

Når fjellstyret mottar klage på vedtak, og ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket på bakgrunn av klagen, skal klagen og resten av saksdokumenta sendast til Statens landbruksforvaltning via Statskog sitt distriktskontor.

9. FORSKRIFT OM SETER OG TILLEGGSJORD M.M. I STATSALLMENNING.

Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning.

Fastsett ved kgl.res. av 22. juni 1984 med heimel i lov av 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova) §38. Fremja av Landbruksdepartementet. Endra 1 nov. 1985 nr. 1899, 6 okt. 1989 nr 1033, 4. april 2000 nr. 346 (hele forskriften gjengitt på nytt), 14 des. 2000 nr. 1296, 27 mars 2007 nr. 358.

Kapittel I. Utvising av seter

§1. Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen som godtgjer at det trengst seter til drift av garden, kan få utvist seter anten åleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. §18 første stykket og §21 andre stykket i fjellova.

Det kan krevjast at han - eventuelt dei - godtgjer trongen ved til dømes å leggje fram driftsplan.

§2. Søknad om utvising av seter skal sendast til fjellstyret som gjer vedtak. Før fjellstyret gjer vedtak, skal Statskog ha saka til fråsegn.

Spørsmål om utvising i barskogområde vert avgjort av fjellstyret og allmenningsstyret i fellesskap. Vert dei to styra ikkje samde, gjeld reglane i fjellovas §9.

Gjeld det utvising av seter i område som er reinbeiteområde etter vedtak i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 49 om reindrift §§2 og 5, skal søknaden leggjast fram for områdestyra til fråsegn før vedtak vert gjort.

Statskog skal ha melding om utvisinga.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til seterbrukaren om utvisinga.

§3. Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jf. fjellova §18 femte stykket. Er setra ikkje teken i bruk fell ho automatisk tilbake til allmenningen.

Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret kontrollere at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadane for utvisinga. Dersom det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret melde frå om dette til Statskog. I si melding til Statskog må fjellstyret og syte for å gje sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal først over til ein annan eigedom i samsvar med fjellova §20 første stykket eller §21 første stykket.

Statskog gjer vedtak om at seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus om ikkje utvisinga vert ført over til annan eigedom i samsvar med fjellova §20 første stykket eller §21 første stykket og den nye brukaren tek over husa.

Ved overføring av utvist seter, gjeld føresegnene i første, andre og tredje stykket tilsvarende.

§4. Vert setervollen hausta, eller er han gjerda inn og vert nytta til beite av garden setra ligg til, reknar ein setra for å vere « i bruk » i høve til §22 i fjellova.

Kapittel II. Utvising og utleige av tilleggsjord

§5. Utvising eller bortleige av tilleggsjord skal i størst mogeleg utstrekning skje etter planar utarbeide for større samanhengande område, eller i tilknytning til eksisterande seter eller tilleggsjord.

Formålet med planarbeidet skal vere å finna fram til område som kan omdisponerast til tilleggsjord. I planarbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk

av jorda som til dømes vilt og jakt, friluftsliv, landskapsvern, miljø og eventuelle andre omsyn.

Planane skal utarbeidast av Statskog i samarbeid med fjellstyret og kommunen, og skal leggjast fram for fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, regional kulturminneforvaltning og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret for reindriftsområde etter reindriftslova, til fråsegn.

§6. Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller kulturbeite, og eventuelt inngjerding, jf. §19 første stykket i fjellova.

Søknad om utvisning av tilleggsjord skal Statskog leggja fram for kommunen, fjellstyret og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding, til beitebruk, skal kommunen gje fråsegn om dei forholda som er nemnde i §5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret si fråsegn vert kunngjort. Vert det protestert mot utvisinga, handsamar fjellstyret saka på nytt. Endrar fjellstyret fråsegna, skal det gjerast kjent ved ny kunngjering.

Statskog gjer vedtak om utvisning av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett.

Er det usemje mellom fjellstyret og Statskog, skal saka leggjast fram for Statskog Hovedkontoret som gjer vedtak.

Setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn. Statskog skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga.

§7. Jordbrukar utan beiterett i statsallmenningen kan få leige jord dersom beiterettshavarane ikkje søker om å få jorda utvist, jf. §21 tredje stykket, første punktum i fjellova.

Søknad om leige av tilleggsjord skal Statskog lokalt leggja fram for fjellstyret, og eventuelt for allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde for fråsegn. Saka skal vidare leggjast fram for og handsamast av kommunen etter reglane i §6 tredje stykket i denne forskrifta.

Med samtykke frå fjellstyret kan Statskog gjere vedtak om utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett.

Dei nærare vilkåra for utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett, skal fastsetjast i avtale.

§8. Utvisinga til beiterettshavar skjer utan vederlag, men gjeld utvisinga produktivt barskogareal, skal beiterettshavaren yte vederlag svarande til tapt skogproduksjon. Slikt vederlag skal også ytast ved utleige til jordbrukar utan beiterett og kjem i tillegg til vederlag (leige) som vert fastsett for bruken, jf. fjellova §21 fjerde stykket, tredje punktum.

Vederlaget skal ytast som årleg avgift fastsett av Statskog lokalt og tilkjem Statskog lokalt når det gjeld overskottsallmenning og allmenningsfondet når det gjeld underskottsallmenning.

Dersom vederlaget vert så lite at det ikkje er praktisk med deling i årlege terminar, kan det krevjast gjort opp ein gong for alle.

§9. Utvist tilleggsjord må takast i bruk innan 5 år, jf. fjellova §19 andre stykket. Dersom ikkje tilleggsjorda er teken i bruk etter 5 år fell ho tilbake til allmenningen.

Kapittel III. Tvist om vedtak i sak om utvisning mv.

§10. Tvist om vilkåra for å vise ut seter ligg føre, vert avgjort ved skjøn, jf. §18 fjerde stykket og §21 fjerde stykket i fjellova.

Krav om skjøn må vere sett fram innan tre veker etter at fjellstyrevedtaket er kunngjort eller det er gjeve melding om det etter reglane i §10 i lova, jf. §34 første stykket, første punktum i lova og §2, fjerde stykket i denne forskrifta.

Når fjellstyret vil krevje skjøn før det vert gjort vedtak, jf. §34 første stykket siste punktum i lova, skal fjellstyret gje Statskog varsel på førehand.

§11. Tvist om utvising eller utleige av tilleggsjord vil føre til vesentlig skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Skjøn må krevjast innan tre veker etter at den som krev skjøn fekk kunnskap om tiltaket eller avtala.

Statskog kan krevje skjøn før det vert gjort vedtak.

§12. Dei deler av eit vedtak om utvising av tilleggsjord som ikkje vert avgjort ved skjøn, kan påklagast, jf. §25 i denne forskrifta.

Kapittel IV. Hus på utvist seter

§13. Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

§14. På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog og fjellstyret utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. §13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarande.

Skal seterbrukaren ta opp at seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i §13 i denne forskrifta.

Kapittel V. Seter fallen i det fri etter fjellova § 22

§15. Seter som er fallen i det fri etter fjellova §22, kan fjellstyret vise ut til gardsbruk i drift som treng seter. Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren.

Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

§16. Vert seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til eit anna gardsbruk, kan Statskog gje seterbrukaren løyve til å ha husa ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden dersom fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under garden og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.

Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett vert rekna like med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.

§20 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løyve etter første stykket.

Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om korkje utvising eller løyve er aktuelt.

§17. Får seterbrukaren ha husa ståande skriv Statskog ut eit eige dokument som vert tinglyst på allmenningen sitt blad i grunnboka.

Eigaren på garden skriv under på eit særskilt dokument som vert tinglyst på bruket sitt blad i grunnboka om at

- a. retten til å ha husa ståande utan vederlag ikkje kan overdragast eller pantsetjast utan saman med garden,
- b. kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett ikkje kan stiftast om ikkje retten er stifta for ei tid av mindre enn 10 år utan rett for brukaren til å krevje forlenging eller fornying av kontrakten,
- c. dokument berre kan slettast med samtykke frå Statskog.

§18. Statskog tek etter samråd med fjellstyret, avgjerd med omsyn til løyve til nybygging/ ombygging e.l.

Før Statskog tek avgjerd skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Kapittel VI. Seterretten fell bort av andre grunnar. Seterhus til fritidsføremål. Overdraging av seterhus.

§19. Når seterretten fell bort av di drifta på garden er lagt ned og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, eller av di ein ikkje kan rekne garden som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. §2 andre stykket i lova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- a. at setra skal visast ut til gardsbruk i drift som treng seter, jf. §§1 og 2, eller
- b. å vise den tidlegare seterbrukaren til å søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa til fritidsføremål, eller
- c. at seterbrukaren fjerner husa om korkje overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

Vert setra vist ut til eit anna bruk, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.

Før fjellstyret tek avgjer om fjerning av hus etter første stykket bokstav c eller andre stykket, skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

§20. Ved oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsføremål, kan det takast inn særlege restriksjonar, med omsyn til restaurering, utviding og endring av seterhusa når dette er naudsynt på grunn av kvaliteten av husa, plassen der dei ligg, og tilhøve til eventuell anna seter med hus og seterdrift. I slike tilfelle skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Sjølv om festet gjeld fleire hus, skal ein nytte punktfeste (kontrakt om feste berre av grunnen huset eller husa dekkjer). Husa må vere av ein slik standard at dei kan tene føremålet, og naudsynte påkostnader må stå i eit rimelig tilhøve til verdet av husa.

§21. Dersom seterbrukaren overdreg seterhus til fritidsføremål, må han overdrage alle husa utan å halde noko attende.

Elles gjeld reglane i tomtefestelova ved overføring av festerett til seterhus.

Kapittel VII. Andre hus

§22. Med samtykke frå Statskog og fjellstyret kan brukaren byggje om eller reie om uthus til bustad eller for utleige når det ikkje er aktuelt å ta opp at bruken av husa til seterformål og endringa av bruken ikkje vil vere ei hindring for seterdrifta på denne eller andre setrer. Det skal opprettast særskild avtale om avgift, som vert fastsett av Statskog.

Uthusa er ein part av dei andre husa på setra og kan ikkje skiljast frå.

Før Statskog og fjellstyret gjev samtykke etter første stykket skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

§23. Når det er naudsynt for drift av utvist tilleggsjord eller for utøving av annan beitebruk enn setring, kan brukaren få føre opp hus etter løyve frå Statskog og på dei vilkår Statskog set.

Kapittel VIII. Fjellstyrets og Statskogs saksførehaving. Klage

§24. For saksførehavinga i fjellstyret gjeld føresegnene om einskildevedtak i forvaltningslova 10. februar 1967, jf. §10 i fjellova. Om førehandsvarsling og kunngjering av eller melding om fjellstyrevedtak, gjeld forskrift fastsett 8. juni 1983 nr. 1257 med heimel i fjellova §10.

Fjellstyrevedtak gjort i medhald av denne forskrifta kan påklagast til og omgjerast av Statens landbruksforvaltning etter reglane i kap. VI i forvaltningslova, med mindre noko anna går fram av den einskilde bestemmelse.

§25. Einskildevedtak gjort av Statskog i medhald av denne forskrifta, og som ikkje skal avgjerast ved skjøn, kan påklagast til Statens landbruksforvaltning etter reglane i kap. VI i forvaltningslova.

Kapittel IX. Endringer o.a.

§26. Ved handsaming av saker etter denne forskrifta som samstundes gjeld tiltak som fell inn under lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, skal det sendast melding om det til regional kulturminneforvaltning, jf. kulturminnelova §§25 og 28. Dette gjeld og saker kor det eventuelt kan tenkjast aktuelt med fredning etter nemnde lov.

§27. Landbruksdepartementet kan endre denne forskrifta og eventuelt gje ytterlegare forskrifter etter fjellova § 38 når røynslene gjer det ynskjeleg.

§28. Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Utgitt av:
Landbruks- og matdepartementet

Rundskrivet finnes på:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Rundskriv.html?id=1993>

Trykk:
Departementenes servicesenter 04/2007